

# Keeperen og havet

Av Maria Parr.



Ein ny fotballtrenar legg mørke skyer over keeperlivet til tolvåringen Lena Lid. I nabo-  
huset spekulerer Trille på korleis han kan  
gjere inntrykk på den nye jenta i klassen.  
Og på havet jaktar farfar på storfisken, slik  
han alltid har gjort, utan å bry seg om at han  
byrjar å bli gammal.

Det er duka for mykje drama og sterke kjensler  
når Lena, Trille og farfar går inn i eit år der dei  
må kjempe hardt både med seg sjølve og med  
naturkreftene. For kva skal ein gjere når alle  
flåtane ein byggjer, forliser, alle flaskepostane  
ein sender, driv inn i fjørene heime og ingen  
bryr seg om det ein verkeleg kan? Ein kan i alle  
fall ikkje gi seg på det!

For som Lena Lid seier i trengde situasjonar:  
No må de søren kverke meg vakne, der  
framme!

I teaterstykket fekk de sjå at Lena og Trille  
vart vener att, etter ein konflikt på grunn av  
den nye jenta Birgitte. Litteraturutdraget her handlar om når Birgitte  
kjem til den vesle bygda og om korleis Lena og Trille blir kjende med  
Birgitte. Oppgåvene er knytte til side 26–37.

## Snakk saman før lesing

Sjå på framsida.

- Kva ser de?
- Kva slags inntrykk får de av dei tre personane på bildet?
- Kva tenkjer de når de les tittelen?
- Kva trur de boka handlar om?



Olav H. Hauge-senteret



Nynorsk kultursentrum



NYNORSKSENTERET  
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA



Les ingressen.

- Kven trur de er kven på bildet?
- Kvifor trur du venskapet til Trille og Lena blir sett på prøve når dei møter Birgitte?
- Kva slags forventningar får de til boka?

Utdraget frå *Keeperen og havet* er ikkje vanskeleg å lese, men for elevar med bokmål som hovudmål kan det likevel vere lurt å ta opp nokre ord før lesinga. Det går til dømes an å lage ei liste med ord som du trur kan bli vanskelege for (nokre av) elevane dine.

Her er nokre døme på ord som det kan vere lurt å ta opp: kviskra, sjølvbygd, kvar, hjelpelaust, stova, vantru, blautkake, augebryna, medan, overfløyming, framand, geleida, målaraskrinet, lèt, laurdag, vaks, munn og mæle, duva, sandbotnen.

## Undervegs

Sitatlogg

Be elevane velje ei eller fleire samanhengande setningar som gjer inntrykk på dei. Det kan for eksempel vere fordi setningane:

- er godt skrivne
- er vanskelege å forstå
- er morosame
- seier noko meir enn det som står på linjene

## Etter

1. Snakk om teksten i heil klasse

Klassesamtale.

Be elevane først ta opp ting dei lurte på under lesinga, slik at alle har ei førebels forståing av innhaldet i teksten.

2. Leseopplevinga mi

Individuelt arbeid.

La elevane uttrykkje korleis dei opplevde teksten, ved hjelp av dei faste uttrykka under. Be dei velje ut nokre av uttrykka og å fortsette på setningane. Det kan også vere ein idé å oppmode dei til å lage både positive og negative setningar for slik å gi ei nyansert framstilling av leseopplevinga si. Det er dessutan viktig at elevane prøver å gi ei forklaring ved å bruke ordet *fordi*.

Til dømes: Då eg las, la eg merke til ... at Lena var sinna fordi det sto at ho «stivna» ved sida av Trille då Trille foreslo at Birgitte kunne vere med på å bygge flåte med Trille og Lena.

- a) Då eg las, la eg merke til ...
- b) Eg synest at ...
- c) Eg likte godt då ...



- d) Eg blei irritert over ...
- e) Det gjorde inntrykk på meg at ...
- f) Eg blei skuffa over ...
- g) Eg blei overraska over ...  
Fordi ...

### 3. Del leseopplevinga

Samtale i grupper på 2–4 elevar.

Be elevane fortelje kvarandre om leseopplevinga si ved å bruke setningane frå oppgåva over.

### 4. KlASSESAMTALE

Ta utgangspunkt i den personlege leseopplevinga til elevane for å få til litterære samtalar som utviklar leseglede og engasjement for litteratur.

La elevane få seie kva dei tenkjer om teksten, gjerne ved å bruke setningane frå oppgåva over. La samtalen utvikle seg ved å formulere opne og autentiske spørsmål som byggjer vidare på svara til elevane – då vil dei sjå at leseopplevingane deira blir høyrde og tekne på alvor. Når elevane har fått høve til å formulere og diskutere leseopplevingane sine, oppmodar vi deg til å bruke teksten til å stille spørsmål som du veit vil engasjere elevane.

I tillegg *kan* eitt eller fleire av følgjande spørsmål inngå i diskusjonen av utdraget:

- Kva trur de Lena synest om Birgitte? Grunngi svaret.
- Kvifor trur de ho reagerer slik?
- Kvifor trur de at Trille inviterer Birgitte med på flåtebygginga?
- Kva trur de Lena synest om det?
- Kvifor byggjer dei ein flåte?
- Korleis gjer dei det?
- Korleis vil de beskrive Lena, Trille og Birgitte?
- Korleis tek de imot viss det kjem ei ny jente / ein ny gut i klassen dykkar?

Sjå på framsida på nytt.

- Kven trur de er kven på bildet?
- Gjetta de rett under før-lesinga?
- Kven fortel i utdraget?
- Korleis trur de det hadde vore om det var Lena som var forteljar?
- Og om det hadde vore Birgitte?
- Kva slags inntrykk får de av bygda dei tre barna bur i?
- Kva synest de om Magnus?
- Kva trur de skjer vidare i forteljinga?



5. Vurdering i heil klasse

Klassesamtale. Til slutt kan de diskutere utdraget i klassen med tanke på å nå fram til ei vurdering:

- Liker elevane teksten? Kvifor/Kvifor ikkje?

Det er viktig at synspunkta vert grunngitte.

**Fleire kjelder**

Omtale av Maria Parr i Allkunne:

<https://www.allkunne.no/framside/biografier/p/maria-parr/99/1348/>

Bokomtale av *Keeperen og havet*:

<https://www.nynorsk bok.no/2017/08/14/maria-parr-keeperen-og-havet/>

Bakom boka, Maria Parr i samtale med Heidi Fagna:

<https://www.nynorsk bok.no/bakom-boka/maria-parr/>

Framtida junior, Maria Parr gjev deg fem skrivetips:

<https://framtidajunior.no/2019/02/15/maria-parr-gir-deg-fem-skrivetips/>

